



Eva Mortensen
Tveit
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/646 - 16/14802

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
21.07.2016

Løyvingsbrev Gbnr. 11/6 SMIL 2016 - tilskot til rydding og inngjerding av beite

Administrativt vedtak. Saknr: 268/2016

Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 23.02.2016.

Meland kommune vart for 2016 løvd kr 170.000 i SMIL-midlar frå Fylkesmannen i Hordaland. Utval for drift og utvikling vedtok i møte 19.04.2016 ein ny SMIL-strategi for 2016-2019 med prioriteringar og satsar for kostnader. Søknadsfrist var 01.06 2016. Då søknadsfristen gjekk ut hadde Meland kommune motteke 15 søknader, m.a. frå Eva Mortensen for Gnr. 11. bnr. 6.

Eva Mortensen har søkt om tilskott til: rydding og inngjerding på Gbnr. 11/4, som er leigde areal.

Tiltaket ligg i LNF-området i arealplanen og kommunen har ikkje registrert viktige miljøverdiar på arealet.

Vedlegg til søknaden som er levert:

- Kart over tiltaket

Bruket har eit jordbruksareal på 52,7 daa, 63,3 daa skog og 5,3 daa anna areal. Driftsforma på bruket er sauehald.

Av SMIL-strategien går det fram at kommunen vil prioritere bygningar/byggverk, bygningsmiljø og landskap som er representative og særmerkt for vårt område, og bygningar som kan skape næringsaktivitet. Kommunen meiner det er viktig å sjå dei ulike tenesteområda i samanheng og byggje vidare på tiltak som allereie er i gong, t.d. beiteprosjekt, gamle turvegar m.m. Nyetablerte kan prioriterast. Det vert sett krav om at før utbetaling kan skje til nyetablerte, må det vere beitedyr på garden.

Overordna prioriteringar:

1. Framleis satsing på biologisk mangfald, stell og rydding av beitemark med særleg vekt på truga landskapstypar som kystlyng og strandeng. Denne særlege satsinga skal ikkje fortrenge søknadar som gjeld vanleg beitemark, men er det knappe midlar skal ein prioritere kystlynghei og strandeng dersom det kjem slike søknadar.
2. Tiltak hjå nyetablerte bønder dei 5 første åra etter overtaking
3. Tiltak knytt til å sette i stand bygningsmasse med tanke på ny aktivitet under gamle tak eller tradisjonell bruk og tiltak knytt til tørrmura element og heilskapleg kulturmiljø
4. Gjennomføring av fellestiltak knytt til kartlegging av avrenning frå landbruksareala til vatn og vassdrag.

Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket ble i 2015 revidert. Det ble i ettertid utarbeidd eit nytt rundskriv til den reviderte forskrifta. Søknadene vert sett i samanheng med det Regionale miljøprogrammet for Hordaland (RMP).

Vurdering:

Prioritering totalt sett: 9

Søkjær er ny brukar og driv aktivt. Det omsøkte arealet ligg nært driftssenter og grenser mot beite søkjær bruker i dag. Arealet har vore i drift tidlegare og har grunnlag for å bli godt beite. Delar av arealet er i dag dekt med gran, medan andre delar er opne og har framleis ein del gras. Arealet ligg i kanten av eit større samanhengande område, men vert litt mindre synleg grunna ein skogteig. Tiltaket vil betre opplevingskvaliteten for dei som går på tur i området.

Reknestykket vert slik:

Tiltak	Mengde	Einingskostnad	Kostnad kr	Tilskots %	Tilskot kr
Gjerding synt på kart					
Gjerding, meter	600	60	36000		
Ganggrind	1	500	500		
Kjøregrind	2	1500	3000		

Rydding av trase	10	200	2000		
Sum			41500	50	20750
Beiterydding, daa	10	2000	20000	50	10000
Sum			61500		30800*

*Avrunda til nærmaste 100.

Areal til beiterydding har vorte redusert, da ikkje heile arealet er skogkledd og treng rydding for å nyttast som beite.

Søknaden er vurdert i høve til naturmangfaldlovas §§ 8-12 og ut i frå den kunnskap som administrasjonen har om viktige miljøverdiar på Øvre Tveit. Administrasjonen har vurdert det slik at tiltaket ikkje er i konflikt med dei omsyn som lova skal ta vare på (jf. §§ 8-12).

Vedtak

"Meland kommune løyer 30.800 kr i tilskot til Eva Mortensen på Gnr. 11 bnr. 6. Løyvinga er eit eingongstilskot.

Vedtaket har heimel i §§ 5 og 8 i Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Løyvinga vert gitt på følgjande vilkår:

Generelle vilkår:

- Frist for gjennomføringa av tiltaka er sett til inntil tre år frå løyving: 01.10.2019.
- Det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfrist i inntil to år ut frå skriftleg grunngjeving, seinast ein månad før oppsett frist går ut.
- Søkjar har forplikta seg i høve til ein rekke punkt ved underskrift av søknadsskjema, jf. punkt 5 i søknadsskjema.
- Løyving av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjend i høve til anna regelverk. Det er difor viktig at søker før gjennomføring av tiltak gjer seg kjend med aktuelle lover og forskrifter.

Særskilde vilkår – beite:

Omsøkt areal bør nyttast til beite/slått i inntil 10 år etter at tiltaket er gjennomført. Kommunen minner om at det på gamal kulturmark ikkje bør oppgjødslast eller nyttast fullgjødsel. Dette er viktig for å ta vare på breidda av det stadeigne artsmangfaldet. Ved gjerding skal gjerdet ha ein 4 mm overstreng og bensel mellom kvar stolpe, det vert i tillegg sett krav om at det er understreng ved hald av småfe, og tirlådd ved hald av andre beitedyr, for å sikre god stabilitet og lengre levetid.

Regional kulturminneforvaltning:

Kulturminne og kulturmiljø som er freda etter Kulturminnelova, skal handsamst særskild. Regional kulturminneforvaltning må kontaktast ved t.d. istandsetting av freda bygning eller skjøtsel kring ein automatisk freda gravhaug, dersom dette går ut over tradisjonell bruk av området til slått eller

beiting.

Utbetalning av tilskot og utsetjing av arbeidsfrist:

- Tilskot vert utbetalt når tiltaket er gjennomført i tråd med løyvinga.
- Søknad om delutbetaling av inntil 75 % av løyvd tilskot når tilsvarende mengd arbeid er utført.
- Resterande del på 25 % vert utbetalt når tiltaket er fullført og sluttrekneskap er godkjend av kommunen.
- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved rekneskap med timelister, faktura og foto. Meland kommune har utarbeidd skjema til dette.
- Til utbetaling vil konto som oppgjeve på søknaden verte nytta. Søkjar plikter å informere skriftleg om endringar.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein månad før.

Kontroll:

Kommunen kan kontrollere at arbeid er gjort som omsøkt, jf § 9. Sakshandsamar hos Fylkesmannen kan også synfare tiltak. Statens Landbruksforvaltning eller Riksrevisjonen kan krevje naudsynte opplysningar og kontrollere at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane.

Omgjering av vedtak:

Kommunen kan omgjere vedtak om løyvd tilskot dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for løyvinga eller tilskotsordninga, jf. § 10. Kommunen minner om at løyvd tilskot kan trekkjast attende, heilt eller delvis, dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga.”

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl.). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Signert SMIL-søknad 2016 Gbnr. 11-6

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland	5020	BERGEN
--------------------------	------	--------

Mottakere:

Eva Mortensen	Tveit	5918	FREKHAUG
---------------	-------	------	----------